

# Ljosglytt

Helsing frå Framnes

|                           |          |
|---------------------------|----------|
| Frå vinter til vår        | s. 2     |
| I dag snakker vi med      | s. 4-5   |
| Frå minneboka             | s. 6-7   |
| Reisebrev frå Kilimanjaro | s. 8-9   |
| 1980-åra på Framnes       | s. 10-11 |
| Misjonsprosjektet         | s. 12    |

Foto: Elisabeth Eide

## Fra vinter til vår

**Snøen smelter**, vinden er varm, tøyskoene kan fiskes fram fra øverste skuff, og de tykkeste skjerfene kan legges lengre bak i skapet. Våren er på vei, med lange dager, skinnende sol – og alt det gode som følger med den. En kontrast til det som har vært de siste månedene. For all del, vinteren har vært helt topp, men det er noe med våren i vente, og følelsen av den, som gjør både sinnet og humøret lettere. Grunnen til at våren blir så god, er kanskje nettopp det at vi har vinteren, vi vet hva som kommer og kan se fram til det.

**Slik er det også i livet.** Livet er fylt med både vår og vinter, det er oppturer og nedturer – og heldigvis for de av oss som har Jesus i hjertet, har han sagt at han vil være med oss i dette. Vi har en tilstedeværende Gud, med armene åpne, som alltid vil være sammen med oss – uavhengig om vi har det fantastisk godt eller utrolig vanskelig.

**Selv fikk jeg** bli kjent med denne fantastiske Guden gjennom mine to år ved Framnes, både på skolen og i livet

på øya generelt. Selvsagt hadde også min tid der sin vinter og sin vår, i ei passe turbulent tenåringstid. Men jeg fikk Jesus inn i livet mitt. For å gjøre en lang historie kort; jeg har «alltid» visst hvem Jesus er, igjennom en typisk oppvekst med barnekor og «Kjære Gud jeg har det godt» på sengekanten. Døpt og konfirmert er jeg – men jeg hadde ikke forstått hvem denne Jesus var – og hvor stor og mektig Gud vi har, og hvor «enkelt» det var å ta imot han og leve med han. Framnes ble på mange måter en start på livet med Jesus som en venn, og gjennom bibelskole og utallige leirer, arrangementer og hverdagsliv som en levende kristen, har jeg fått se Guds store kjærlighet i mitt eget liv. Jeg skal ikke idyllisere hele prosessen – men poenget er vel strengt tatt at livet med Jesus viste seg å være noe helt annet enn det jeg hadde sett for meg før jeg på merkelig vis valgte å søke meg til Framnes. Synet mitt på kristne før den tid var mildt sagt snevert. Men, jeg visste ikke hva jeg gikk glipp av, og heller ikke

hvor viktig Gud skulle bli i mitt liv.

**Bibelen** er full av flotte vers og ord, og hva som går mest inn på oss, eller er viktigst for oss, avhenger mye av hvor vi er i livet, om det er vinter eller vår. Men noe som går igjen og igjen i livets bruksanvisning er kjærligheten og Guds uendelige store kjærlighet til hver og en av oss.

**Du har nok** hørt det før, men om det er vinter eller vår i livet ditt, er jeg overbevist om at du liker å høre det; Det jeg ikke kan få nok av er enkelt og greit; *Gud er kjærlighet.*

**Gud er bare god** og har en uendelig stor omsorg for oss, hans barn. Men denne kjærligheten er dyrt, dyrt kjøpt med Jesus på korset. Nettopp derfor ønsker jeg å få kjenne mer og mer av denne kjærligheten. Jeg vil ta den med meg, føre den videre til andre mennesker – for å se flere bli kjent med Han og gjøre mennesker klar over hvor verdifulle de er. En uendelig stor kjærlighet som forandrer liv.

**DU er elsket av Gud!**



Foto: Lars Arvid Oma



Ljosglytt er eit blad for alle Framnes-vener, gamle og nye!

**Adresse:**  
Ljosglytt  
Framnes kristne vidaregåande skule  
5600 Norheimsund  
Telefon: 56 55 05 00  
E-post: [postmottak@framnes.vgs.no](mailto:postmottak@framnes.vgs.no)  
Giro: 7874. 05. 37554

**Redaksjon:**  
Lars Arvid Oma ([post@laoma.no](mailto:post@laoma.no))  
Eimund Solsvik ([eimund.solsvik@framnes.vgs.no](mailto:eimund.solsvik@framnes.vgs.no))  
Magne Kolstad ([magnekolstad@hotmail.com](mailto:magnekolstad@hotmail.com))  
Linda Augestad Lindås ([gladfjes@yahoo.com](mailto:gladfjes@yahoo.com))  
Solgunn Eide ([sol\\_eide@hotmail.com](mailto:sol_eide@hotmail.com))  
Per Helleve ([phelleve@online.no](mailto:phelleve@online.no))  
Mona Lene Økland Hareide ([lohareid@broadpark.no](mailto:lohareid@broadpark.no))  
Jostein Moldsvor ([jostein.moldsvor@framnes.vgs.no](mailto:jostein.moldsvor@framnes.vgs.no))

**Adresser:**  
Berit Hope Byrkjeland  
Rekneskap:  
Linda A. Lindås

**Ansvarleg utgjevar:**  
Elevlaget i samarbeid med redaktør.

**Opplag:**  
2000  
Kjem ut to gonger i året, ved juletider og på vårparten.  
Deadline: 1. november og 1. april.

**Grafisk framstilling:**  
Lars Arvid Oma

**Trykk:**  
Øystese Trykkeri

Har du bidrag til bladet, eller innspel, ta gjerne kontakt med:  
Linda Augestad Lindås, 55 22 74 61  
el. [gladfjes@yahoo.com](mailto:gladfjes@yahoo.com).  
Eller send det med vanleg post til Framnes kr. vgs, 5600 Norheimsund, merka med "Ljosglytt." Melding om adresseendring kan sendast til Framnes pr. post eller e-post.



### Familieauke hos rektorfamilien

Gleda var stor då Emil Voster vart fødd ein tidleg søndagsmorgon, 15 dagar etter termin. 13. mars 2011 vart datoen. Rektorfamilien, Vinjar, Brit og Harald Voster er velsigna med ein velskapt son. Han var 52 cm lang og vog 4770 gram. Me ynskjer lukke til og gratulerer med son nummer to og veslebror!

### Etterlysing

Elevlaget ynskjer å komme i kontakt med dykk der ute som samlast jevnleg med det til felles at de møttes på Framnes. Det har opp gjennom tida vorte danna ulike Framnes-lag rundt om i Noregs land. Det har aldri vore samla inn nokon oversikt over kvar og korleis desse eksisterer. Det ynskjer Elevlaget å gjere noko med. Hensikta er å oppretta kontakt og kunne komme i kontakt med jubilarar på dei ulike årskulla når me inviterer til elevstemne. De er hjarteleg velkomne til å ta kontakt med Per Helleve, tlf : 91 85 52 04, email: [phelleve@online.no](mailto:phelleve@online.no)

### Vil du vera med i styret?

Elevlagstyret treng representantar til styret, me utfordrar DEG! Ta kontakt med oss!

### Gåve frå elevlaget

I vinter har Elevlaget støtta skulen med ei gåve til innkjøp av tredemølle og ergometersyklar til trim-og styrkerommet ved skulen. Håpar det kan vera med å bidra til mykje treningsglede, og vera eit forebyggjande og helsebringande tiltak blant elevane.

### Påminning

Husk elevstemna på Framnes 17-19. juni 2011. Sjekk ut [www.framnes.vgs.no](http://www.framnes.vgs.no)

### Er det bra at me har eit elevlag på Framnes?

Det tykkjer me som er i styret. Det er utruleg kjekt å få vera med og førebu det årlege elevstemnet, og vita at me gjer ein jobb som betyr mykje for mange framnesingar rundt i landet.

"Det er så kjekt å treffe kvarandre igjen og mimre", er utsagnet som går igjen når jubilarane møtest.

Det er årsmøte på elevstemnet no i juni, og då er det val.

Linda og Magne går no ut og det trengst to nye personar til styret. Du kan vere tidlegare elevar eller at du har anna tilknytning til Framnes (t.d. tilsett eller foreldre til elev)

Elevlaget har møte 4-5 gonger i året og arbeidet består i å førebu elevstemnet, sende ut kalender i desember og skaffe stoff til Ljosglytt (Lars Arvid er redaktør).

Tenk nøye igjennom om dette kunne vere noko for deg.

Utfordringa kjem på nytt på elevstemnet, men gjeld óg alle andre som tidlegare har gått på Framnes, eller som har tilknytning til skulen.

Ta gjerne kontakt med Magne Kolstad på anten [magnekolstad@hotmail.com](mailto:magnekolstad@hotmail.com) eller 90588322.

### Treng adresser

Me vil svært gjerne at Ljosglytt og anna informasjon frå elevlaget skal nå ut til flest mogeleg. Difor treng me stadig å oppdatere adresselistene våre. Dei som ikkje står i listene, og som kan tenkja seg å få tilsendt blad og informasjon, er velkomne til å ta kontakt på telefon, sms eller mail. Helsing elevlaget.

### Fotokonkurransen

Me takkar for dei mange fine fotografia som vart leverte i samband med fotokonkurransen i Ljosglytt. Eitt av bidraga prydar framsida på dette nummeret. Biletet er teke av Elisabeth Eide.

Me kjem tilbake til kåringa, som vert lagt ut på heimesida til Framnes.

**Alder:** 48**Bustad:** Norheimsund**Sivil status:** Singel**Aktuell:** Hvor ble det av de gamle Framnes-lærerne?**– Inger, dialekten din sier meg at du er østlending. Kan du si litt om oppveksten din?**

– Jeg ble født i Oslo, men foreldrene mine fant ut at det å bo i Oslo med tre små jenter, ikke var tingen. Så ble det diverse utgaver av Skien. Og etter hvert fikk de tre jentene sin lillebror.

Jeg bodde tre ulike steder før jeg etter gymnaset tok ett år på folkehøgskole. Jeg gikk på Borgund fhs., ved Ålesund, litt fordi pappa er Sunnmøring. På Borgund fant jeg ut at lærere også er mennesker. Plutselig opplevde jeg at lærerne brydde seg om mer enn det faglige, også "hele" deg! Det var en oppvåkning, og jeg fikk lyst til å prøve dette selv. Siden jeg alltid har vært glad i formingsaktiviteter, falt det seg naturlig å velge formingslærerskole. Jeg gikk to år på husflidskole for å komme inn på Statens Lærerhøgskole i Forming Oslo, der jeg gikk i tre år

**– Hvorfor ble det Framnes?**

Siste året på lærerhøgskolen, i 1989, var jeg overbevist om at jeg kom til å bli arbeidsledig formingslærer og at jeg måtte ta en jobb jeg slett ikke hadde lyst på. Så mange utlyste hele stillinger som formingslærere var det ikke, og jeg hadde i tillegg lyst til å jobbe på en kristen folkehøgskole.

Så ble det utlyst et årsvikariat på Framnes fhs. i Norheimsund. Norheimsund liksom – hvor var vel det? Hadde egentlig bestemt meg for ikke å søke, men ble overbevist av foreldrene mine om at Norheimsund var et mer tilgjengelig sted enn jeg trodde, og det var jo bare for ett år. (ett år du liksom, nå har jeg bodd her i snart 20 år!)

Var på intervju, og fikk så roen for at jeg skulle få jobben at jeg måtte be Gud ikke la meg være så sikker, fordi det da kunne bli så veldig nedtur om jeg ikke fikk den.

Ting gikk fort: Søkte den dagen fristen gikk ut, var på intervju dagen etter, og fikk beskjed om at jobben var min hvis jeg ville ha den, i slutten av samme uka! Yes!

**Etter et år** der jeg følte at det regna

hele tida, var jeg klart for å flytte "hjem" til rett side av fjellet. Sånn blei det ikke, av ulike grunner, og etter hvert trivdes jeg! Kjekk jobb, gode kolleger, og masse fine, utfordrende elever (ta det til dere for jeg mener det selv om jeg av og til var skrekkelig lei alt og alle!)

Etter litt turbulente tider, for oss som fremdeles hadde tru på folkehøgskolen, ble det i -94 vedtatt at Framnes skulle bli videregående skole i -96. Videregående stemte ikke for en formingslærer, så det passa veldig godt at jeg fikk spørsmål fra skolen jeg hadde gått på i Ålesund om jeg ville komme dit. Hadde ikke lyst til å flytte fra Norheimsund, men pakka sakene mine og dro.

**– Hvordan likte du deg som folkehøgskolelærer?**

Jeg blei bare to år på Borgund fhs før jeg satte kursen tilbake til Norheimsund

igjen, så totalt ble det bare 7 år på folkehøgskole. Jeg hadde veldig fine og rike år i folkehøgskolen, men kjente at jeg ikke orka å gi 110 % lenger, noe jeg følte en burde i dette skoleslaget (har fått et annet syn på lærere som legger ned hele sitt yrkesaktive liv her!)

Jeg opplevde gode, vonde, utfordrende, rike, frustrerende dager i min karriere på folkehøgskole. Akkurat sånn som livet er!

**– Har du noe kontakt med skolen i dag?**

Etter mine to år i Ålesund, tipsa Eva Stene Kolstad meg om at de hadde begynt med formgiving på yrkesskolen i Steinsdalen, og at de trengte lærere der. Det var ikke vanskelig å bestemme seg for å søke, for under over under, jeg savna Norheimsund! (var det ett år jeg hadde tenkt meg her?)

Var heldig og fikk jobben, og her er jeg

igjen! Hadde jeg trudd at det å jobbe på videregående var mindre travelt enn å jobbe på folkehøgskole, tok jeg veldig feil!

Det roa seg noe ned etter hvert, men det å plutselig ha et pensum en skulle rekke gjennom og eksamen som elevene helst skulle bestå, var nytt. Utfordringene var mange, og kveldene ble lange. Men, jeg har levd etter at jobb skal være på jobb. Når jeg går hjem, har jeg fri. Så fikk det heller være at det iblant ble lange kvelder.

Trudde det ville bli rart å bo her og ikke ha noe med Framnes å gjøre, men det har gått mye bedre enn jeg frykta. Mitt Framnes er borte, og i stedet har de bygd opp en godt fungerende videregående skole med nytt personale. Litt rart har det vært å kjøre forbi og se det lyse i vinduene i leiligheten "min", og vite at der bor det noen andre, men sånn er det jo bare.

Det var en periode, nå har livet gått videre.

**I disse tider** med sosiale nettverk som Facebook, er det kjekt å oppdage hvor elevene "mine" har blitt av i verden. Utfordringen er større med å skille ulike kulla fra hverandre, enn å huske hver enkelt av elevene. (Er kjempefornøyd med at jeg har klart det til nå.)

Ellers treffer jeg jo de av mine tidligere kolleger som bor i bygda rett som det er. Jeg jobba sammen med Eva Stene Kolstad på yrkesskolen mange år, før jeg måtte gi meg, og er mye sammen med henne og Magne, og Ingeborg og Audun Galtung. Har ellers litt kontakt med noen av dem som har flytta vekk; Reidun Fosse, Brit Hilde og Harry Arnt Finstad og Øystein Eide.

Og dørene er åpne fremdeles for gamle elever! Kjører dere forbi, så gjør endelig ikke det!

**Det er ikke naturlig** å skrive dette uten å si litt om hvordan livet har blitt snudd helt opp ned for meg siden Framnes-tiden. I 1993 husker kanskje noen av elevene mine at jeg var på Haukeland og tok noen tester som ikke gav svar. Og alt normaliserte seg, og dett var dett – trodde jeg.

Sommeren 1996 begynte jeg å få problemer med å løfte den ene foten skikkelig når jeg gikk, og jeg hadde noe nedsatt følelse. Var da på flyttefot hjem til Norheimsund, men oppsøkte lege igjen. Nye prøver igjen, og på våren -97 fikk jeg svar. Du har MS!

Oysann – dette visste jeg fint lite om, så jeg leste litt her og der. Egentlig lite kjekk lesing. Festa meg ved at bare ca. 1/3 blir så funksjonsnedsatt at de må bruke rullestol.

Den tredjedelen var jeg i hvert fall sikkert ikke blant! Styrte på med etter hvert litt ulike symptomer; gikk så ustøtt at jeg var redd folk som ikke kjente meg måtte tru jeg var berusa, skrev ting som jeg neste dag ikke var i stand til å tyde. Måtte redusere jobben, for kreftene strakk ikke til, og jeg gikk over på redusert uføretrygd.

Klarte å holde det gående en del år, men i 2008 måtte jeg bare godta at det ikke gikk lenger. Jeg er nå permanent avhengig av rullestol, og har hundre prosent uføretrygd. Hadde noen for 15 år siden fortalt meg at sånn skulle livet bli; ingen flere turer på Fonna, eller i fjellet, hadde jeg nok blitt lei meg, men sånn er det bare. Tenker at jeg, når det først skulle gå så gærnt, har vært heldig som har fått det så gradvis. Jeg har fått tid til å venne meg til funksjonstapa litt etter litt, i stedet for å miste alt på en gang.

**Klart jeg iblant synes** livet er urettferdig, men jeg har visst ikke evnen til å grave meg ned i det vanskelige. Så griner jeg en skvett, og så går livet videre!

Jeg er utrolig takknemlig for at jeg har en Gud og en tro oppi alt dette. Har til fulle fått oppleve at "som din dag er, skal øg din styrke være"! Jeg har et sted å gå og legge fra meg det som er vanskelig, og takke for det som er godt. Har nok i større grad enn før opplevd at Gud er der!

Jeg er også veldig takknemlig for at jeg har gode venner! Skjønner de som sier at de mista venner når verden gikk imot dem ellers også. Har heldigvis ikke opplevd det, men verden er lite tilpassa oss som er avhengige av at den er litt ekstra tilpassa.

Hadde stor glede av mitt første kull med 20-års jubilarer i fjor sommer, så herved er oppfordringen sendt – prioriter den helga!

**Magne Kolstad**

## Velkommen til elevstemne!

**17. – 19. juni.**

Me nevner igjen at jublantkulla er: 5år – russekull 2006  
10år - russekull 2001  
20år – 1990 /91  
30år – 1980 /81  
40år – 1970 /71  
50år – 1960 /61  
60år – 1950 /51

Det er alltid kjekt at lærerar og tilsette vert med på helga. Me oppfordrar derfor deg som har, eller har hatt, tilknytning til Framnes til å koma.

**Fredag:**

Kl. 19.00-20.00: Kveldsmat

**Laurdag:**

Kl. 09.00-09.30: Frukost

Kl. 10.00-13.00: Innkvartering

Kl. 12.30-13.30: Lunsj

Kl. 14.30-17.00: Jubilantsamlingar ml kaffi

Kl. 18.00: Festmiddag

Kl. 19.30: Festsamvær

Festtaler:

Toralf Steinsland (50års jubilar)

Kaffipause. Minneinnslag ved jublantkull

Kl. 23.30: Bål på "Neset" og sal av brus og pølser.

**Sundag:**

Kl. 09.00-10.00: Frukost

Kl. 10.30: Årsmøte

Kl. 11:00: Søndagsmøte

Talar: Oddbjørn Stubhaug (20års jubilar)

Kl. 12.30: Middag og avslutning

Svært hyggeleg om jubilarer og andre tek oppatt ein god, gamal tradisjon; å møte opp i bunad eller anna festdrakt til festen laurdag.

Påmelding til elevstemnet innan 13. juni (før kl. 15.00) til tlf. 56 55 05 00 eller på e-post: postmottak@framnes.vgs.no.

Du finn også program og påmeldingsinformasjon på www.framnes.vgs.no.

På årets elevstemne vert det sett av tid til årsmøte. Elevlaget treng deg som ynskjer å vera med i styret og gjera eit arbeid for skulen. Ta kontakt om du ynskjer meir informasjon. Om du har gode forslag, eller vil hjelpa oss med å finna fram til jubilarer, ring eller send mail til Linda A. Lindås (leiar) 97 52 57 17 / gladfjes@yahoo.com, eller ta kontakt med skulen.

**Framnes – Utdrag frå talen på elevstemnefesten 20. juni 2009****God kveld!**

Kjære jubilarar, elevar og personalet ved Framnes.

**Me som er samla** her i dag femner over fleire generasjonar og har vakse opp under ulike forhold og tider. Men eitt har me felles: Framnes! Anten me gjekk her i Ungdomskule-tida, Folkehøgskule-tida eller i Vidaregåande-skule tida. Ikkje eit skuleår var likt. Eg vil fortelja litt kva eg hugsar frå mitt skuleår. Så kanskje set det minnebrikka di i sving og om ho ikkje alt er full? Vonar og de som er yngre kan ha interesse av korleis me hadde det?

**Eg hugsar godt** då me kom til Framnes som elevar for fyrste gong. Me fire gutane frå Voss fekk skyss med bror min og køyrde like til Vonheim. Det gjekk greitt for oss som var fleire saman, men eg hugsar det var litt rart då bilen forsvant borte på Vikøy, og me var overlata til oss sjølve!

Etter at me hadde fått tildelt rom og fenge mat, vart det, så langt eg kan hugsa, vist film frå Framnes om kvelden. Trur det var Alfred Aa som stod for det. Men det gjekk ikkje lang tid før me vart kjende med fleire og fekk faste bord i matsalen.

**Men mykje var nytt** og det tok litt tid før me vart "varme i trøya."

Etter prøvar i rekning og norsk vart me inndelte i klassar, og tvillingbror Olav og eg hamna i same klassane. Det var for så vidt greitt, sjølv om han fekk mykje betre vitnemål hjå framhaldsskulelæraren som gav oss attest då me søkte Framnes: Hjå meg stod det m.a. at eg hadde "vist fin framferd" men Olav hadde vist "frammifrå fin framferd"!

**Me hamna** i klassane hjå Godtfred Aadland i Norsk og Per Tjøstheim i rekning.

Fine og gode klassar. Spesielt hugsar eg preposisjonane som vart vist som sykkelstyre på tavla. Elles hugsar eg Aadland fortalde at han ein gong hadde gjeve stiloppgåva "Korleis kan ein ungdom best førebu framtida si?" Han vart nokså forundra då svara kom og ei av jentene hadde skrive fleire sider om "Korleis kan ein ungdom best førebu framsida si?" Han las ikkje opp stilen til oss!

**Og reknetimane:** hugsar du det faste uttrykket: Det er uhyre enkelt når du berre tek ein ting om gongen! Ja Per, det har hjulpet meg i mange situasjonar gjennom livet. Ikkje berre i rekning!

**Elles hugsar eg** godt fyrste klesvasken! Vaskemaskina var stor og tok ei mengde med klede. Og me fylte henne både med sengklede, undertøy, farga klede m.m.m. Men den stakkars rotoren som gjekk att og fram, hadde fått skovlane brekka av slik at det berre stod ei stong att i midten. Me måtte så hjelpa til å få klevasken til å gå att og fram ved hjelp av kosteskaft; ein på kvar sida! Men så kom han Bjørn, Vaktmeistaren.

Men klede vart vaska og at me gjekk med ljoseraut undertøy var det ingen som visste!

**Lærarane hadde** me stor respekt for då me byrja, og den vart ikkje mindre etter kvart som skuleåret gjekk! Kanskje vart det stundom i meste laget.

Eg hugsar du Ingvard (Hageberg) leia ei kveldssamling på daglegstova nede på Vonheim, i. høgda i guteinternatet. (Vonheim låg på flaten der personalbustadane er no). Brigit Vaage hadde lova å lesa opp eit stykke ut i programmet. Postane før var ferdige og Ingvard føreslo at me kunne syngja ein song medan me venta på Vaage. "Er det nokon som har eit framlegg", ropa han.

Det vart ropa i andre enden av stova og Ingvard sa: "Ungdomens Frelsar føreslær dei her borte". Med same går døra opp og inn kjem Vaage. "Å ja, her kjem han," ropa Ingvard!

**Eg gjekk** den praktiske lina på metall hjå Alfred Aa. Ein flott lærar som eg sette veldig høgt. Her lærde eg m.a. at svart stål og kan vera varmt! Eg skulle berre ha ein liten bete og fann eit høveleg emne borte ved essa. Men han var nok mesta varm for berre nevane!

Den kvelden fekk eg og læra kva ekte kameratskap er. Alle i klassen tykte synd i meg og ville fylgja meg til søster Milly. Eg trudde ikkje det var så alvorleg. Men deira store engasjement gjorde meg usikker. To av medelevarane vart med meg. S. Milly budde på Framheim, og då me kom opp trappa frå Austheim og såg inn i det for oss den gongen "Det forjettede

land; Jenteinternatet", gjekk det opp for meg "KVIFOR" det store sosiale engasjemanget!

Då me så vidt var komne innanfor gangen, var eg plutselig åleine! Kvar det vart av dei andre, veit eg ikkje!

**Etter det eg kan hugsa** var det mange par på skulen i løpet av vinteren. Men så langt eg kan sjå vart det berre tre (?) varige? Ja, og so ho som fekk læraren då! Det vart vel ikkje så mange par når ein tenkjer på alt det arbeid og store energi som vart nedlagt også i dette arbeidet?

Eller kanskje det er likeeins med oss som ein samtale eg overhørde på ei elevstemne for mange år sidan: To 50-års jubilarar stod og prata, og han sa: "Du var no so blyg og du då me gjekk på Framnes." Men ho nekta. Men han gav seg ikkje, og då ho nekta for tredje gong sa han: "Jau, du var blyg! Eg ville gjerne vorte betre kjend med deg eg!" Då vart det ikkje sagt meir!

Kanskje må me og nytta høvet no og prata med dei me ikkje fekk snakka nok med? Dette gjeld sjølv sagt berre 50-års elevane!

**Me som er 50-årsjubilarar** i dag er litt for unge til at me fekk oppleva det som syster mi har fortalt om. Dei, jentene, måtte òg vaska rommet for gutane då skuleåret var slutt. Eg drog det sterkt i tvil, men ho hugsar godt kor dei to gutane som budde på rommet dei måtte vaska, erta dei og hadde det moro. Det er 58 år sidan ho gjekk. Hugsar de 60-års elevar korleis det var i dykkar tid?

**Dette vart** mange minne frå ein fin og god skulevinter! Eg skal prøva å ikkje koma med fleire. Men at skulen vart ein skule for livet, er det ikkje tvil om! Personalet gjorde det beste dei kunne for oss. Det viste dei gjennom sine engasjement!

**Oddvar Hildre**, dirigenten for Sunnmøre Kr. Ungdomskor SKRUK, fortalde under ein konsert i Vangskyrkja på 80 talet om Johan Grimstad frå Ulsteinvik: Han var bonde, skulemeister, diktar, komponist og formann i dei fleste politiske partia på øya!

Hildre var seinare og studerte songen og musikken hjå indianarane i Andesfjella, og

**Glimt frå Framnes i 2011****Snøholetur på Kvamskogen**

Ildrettsklassane søv ute i det fri både støtt og stadig. Helga 18.-20 mars var det IC aktivitetslære som skulle ut i elden og få bryna seg mot naturkreftene. Med skrekkehistoriane frå 2C sin tur helga før i voldsomt regn og med dårlege forhold for snøholegraving friskt i minne, la IC fredag ettermiddag ut frå Framnes med retning Brearusti på Kvamskogen. Underveinka var sjølv ikkje med på sjølve overnattinga, men kunne som ein vanleg skiturist laurdag føremiddag få observera IC i aksjon med både snøholegraving og iglobygging.

Me var ein liten gjeng som reiste frå Framnes laurdag morgon med sjokoladecake i sekken, klar for å oppmuntra ein gjeng me tenkte hadde frøse og hatt ei forferdeleg natt. Så feil kunne me ta. Blidare gjeng enn IC skal ein leita lenge etter på denne sida av monsternastene. Ikkje

**Sickawaka!**

Laurdagane freistar me å leggja til rette for gode opplevingar og aktivitetar for elevane på skulen. Dette kan vera alt i frå konsertar, kafe, turneringar og arrangement saman med russen. Den andre helga etter vinterferien vart det arrangert «VM» i den lite internasjonalt anerkjende sporten skurefillehockey. Eit lag frå internatet Fjordheim

fortalde at der rekna dei tida på ein heilt annan måte enn me. Me seier at tida går! Me vert ferdige med henne! Indianarane sa at tida kjem! Me får stadig ny tid; ny framtid.

**Det synest** eg er så godt å trygt: Me skal få sjå framover trass i vår alder. "Eg er mest interessert i framtida for der skal eg tilbringa resten av livet mitt", er det ein som har sagt.

Ja, eg er ikkje interessert berre i framtida, men og i den evige framtida! Den som ikkje vert målt i tid men i kvalitet!

**Ein av dei** som var med og bygde kyrkja på Dale i 50-åra, fortalde at ein



ein gong samanraste igloar, harde liggeunderlag, kalde soveposar eller «is i rubben» som Hjelmseth kallar det, klarte å ta humøret frå denne gjengen.

Det skal seiast at dei hadde veret på side, og at sjokoladecake Karoline hadde med, nok gjorde susen, men det er verkeleg kjekt å vera på tur med ein gjennomført blid gjeng. Dei

på Framnes gjekk av med sigeren. Det plar som regel å vera stort engasjement ved slike arrangement, og konkurranseinstinktet tar stundom overhand. I nemnde skurefillehockey var det fleire som ofra både blod og sveitte for sigeren. Laurdagskveldane plar me avslutta med kafe på «Hemsen,» som me kallar miljøbasen over peisestova for. Når smoothie, milkshake, nachos

skal også vera glade for at turen ikkje varte ein dag til, då det søndag kveld kom enorme nedbørsmengder som førte til både stengte vegar, stengte skiheisar og flaum både her og der. Eller, eg veit jammen meg ikkje om det hadde gjort noko for IC så kjekke og positive som dei er. Takk for turen folkens.

**Miljøavdelinga**

og den beste Moccaen Kvam ha å by på er fortært ser me som regel ein god film saman. Det er kjekt å gå på Framnes, men det er også kjekt å bu på Framnes. I kjent fortisstil har me kalt desse laurdagskveldane SickaWakaWeekends. Kor namnet kjem i frå veit eigentleg ingen, men no er det eit innarbeidd omgrep som alle veit kva tyder. Kom til Framnes og opplev Sickawaka.

og ville leva med han? Går du framleis på veggen?

**Eg hugsar godt** siste timen med rektor Olav Tveit: Me er Guds medarbeidarar, de er Guds åkerland, Guds bygnad! (1. kor. 3.9)

Ja, me kjende nøden og alvoret hjå personalet!

Det er mitt største ynskje for oss alle: Må me vera å finna i flokken som går til Himmelen!

Lukke til vidare i livet både de som ser ei lang framtid og me som for lengst har passert middagshøgda!

Endå eingong: Takk Framnes!

**Per Helleve**

# Med Kilimanjaro som næraste nabo

**Har du nokon gong tenkt at det hadde vore spanande med eit år vekke frå den vanlige A4-kvardagen heime, ei pause frå tidsklemma og snøen, men at du ikkje heilt klarar å finne det rette tidspunktet? Eller er du av den typen at du aldri kunne tenkje deg å bu nokon annan stad enn i Noreg fordi saknet etter familie, venner og alt det "vanlege" ville bli for stort?**

Vel, då kan me fortelja at eit slikt rett tidspunkt fins ikkje og at du derfor må "hoppa i det" om anledninga byr seg. Det er mange ting du kan lære deg å leve forutan samt at kontakten med familie og venner enkelt kan vedlikehaldas via skype, e-post og Facebook. Me, familien Hope "hoppa i det", og reiste til Tanzania og den Internasjonale skulen i Moshi, eller **International School Moshi (ISM)** (www.ismoshi.org) oktober 2010.

**Familien Hope** består av pappa Tim, mamma Elin, Ingrid på snart 15 år og Johannes på snart 12 år. Vår eldste dotter Kristine er no i sitt siste semester i 3. gym på Framnes og er godt tatt vare på av vener og personale på internatet og i

skulekvardagen.

Nokon av dykk hugsar Tim frå tida som lærar på Framnes i engelsk og geografi i åra 1997-2004, og at han budde i lærarbolig på tunet saman med familien. Etter eit opphald i Virginia, USA skuleåret 2002-03, gav det meirsmak å bu og jobbe i ein annan kultur og lære nye menneske å kjenne. Etter at Tim hadde jobba ved lærarutdanninga ved Universitetet i Agder frå 2004 og Elin hadde draumejobbar ved Vaksinasjonskontoret og Legevakta i Kristiansand, tok me altså beslutninga i juni 2010 om å forlate det tradisjonelle A4-livet i Noreg, vakker sørlandssommar og gode jobbar til fordel for ein kvardag i byen Moshi ved foten av det berømte og vel besøkte fjellet Kilimanjaro.

Tim takka ja til jobben som Head of Boarding, altså sjef for internatdrifta, her ved ISM og er på ein 2-års kontrakt med muligheter til forlenging. Ingrid og Johannes går i høvesvis M3 og M1, det tilsvarar 9.klasse og 6.klasse heime. Me bur i lærarbolig på tunet i tilknytning til eit guteinternat der Tim også er internatforelder for ca 20 gutar i alderen 12-16 år. Tida på Framnes og deltakinga på tilsynsvakter på internatet der er dermed ei nyttig erfaring.

**Sjølv om det var mykje** som måtte planleggjast før avreise i oktober, prøvde me å forberede både borna og oss sjølve kva som venta i andre enden av ein lang flytur frå Amsterdam.

Og la oss ha det klart med ein gong; det er umulig å forberede seg på alt, nokre vegar må bli til medan ein går medan andre vegar er ferdig "planerte" og vanskelege å endre. Det er for eksempel ikkje enkelt å forberede seg på å ha senga full av soldatmaur som biter, slik Ingrid og Johannes hadde første natta vi var her. Ei heller er det lett å venne seg til all småmauren som finn vegen til tannbørsten eller vannkokaren på leit etter vatn.

Og er det nokon der heime som har eit godt råd for korleis bekjempe finstøv som legg seg i huset kvar dag eller korleis ein best kan steike bollar, brød og kaker i ein steikeovn utan undervarme? Har du forresten tenkt over at vi er heldige som har stabil og jamn straumtilførsel i Noreg, medan her kan det gå av og på så mange gonger til du mistar nettilgangen og informasjonen i e-posten du akkurat heldt på med?

**Dette er heldigvis småting** vi kan leve med, i motsetnad til fridomen vi føler er litt borte når det gjeld å bevege seg fritt. Heime i Noreg er vi heldige som kan gå ute når på døgnnet det høver seg for oss. Her er ein spasertur utanfor skuleområdet etter mørkets frambrøt rekna som risikosport og kan i verste fall ende med ran. Det har også vore dagar der vi har lengta tilbake til ein god norsk fredags- eller laurdagskveld med taco og snopeskål i fanget og gullrekka på tv, men hentar oss raskt inn igjen og veit at mange misunner oss det stabile og varme sommarklimaet. Ingenting er som ein "evig sommar" med muligheter til å gå i sommarklede kvar dag, ein dukkert i bassenget og den etterlengta brunfargen stadig kan haldast ved like.

For borna har det vore ei bratt læringskurve i starten med all undervisning på engelsk, men no framstår engelskleksa heime som den enklaste



Johannes hjelper den lokale smeden med arbeidet i grua.

sak i verda. Til og med litt swahili har vi alle klart å lære oss. Tanzanianarane likar at vi prøver å snakke til dei på deira eige språk, og litt språkkunnskap kjem derfor til nytte i møte med den lokale befolkninga.

Å vere nordmann i Tanzania er ikkje noko spesielt i seg sjølv, det er det å vere kvit, eller mzungu som det heiter på swahili, som er vanskelig å skjule. Tanzanianarane er av den oppfatning at alle kvite har mykje pengar, og vi opplever derfor av og til at prisane på for eksempel frukt og grønnsaker er høgare for oss som er kvite.

**Tanzania kan by på** eit variert innhald av feriemål. Vi bur berre få timar frå mange kjente nasjonalparker, og i jula var vi heldige og fikk feira julekveld midt ute i Serengeti alle fem med innslag av både hyenar og bøflar rundt telta. Páskeferien satsar me på å tilbringe på Zanzibar med sine kritkvite strender og blått hav, langt vekk frå snø og fjellvettreglar. Og sjølvsagt, ein dag håpar me å stå på toppen av Kilimanjaro.

**Om du har lyst å fylgje** med på livet og kvardagen vår i Tanzania, er du hjartelig velkomen til å ta ein kikk på bloggen vår; [www.hopetanzania.blogspot.com](http://www.hopetanzania.blogspot.com). Der er vi glade for alle som legger igjen ein kommentar. Du finn

også våre e-post adresser om du ynskjer ta kontakt. Vi ynskjer lukke til med din draum om eit utanlandsopphald. Rådet er; "hopp i det".

**Varme Tanzania-helsingar frå Tim, Elin, Ingrid og Johannes Hope**

## Fakta om International School Moshi (ISM):

Starta i 1969

- \* Har elevar frå 45 nasjonar
- \* Totalt 210 elevar, 105 på internat
- \* Elevane er born av nyrike tanzanianarar, FN-diplomatar, forretningsfolk
- \* Nokre skuleflinke lokale born går her på skulestipend.
- \* Totalt 45 lærarar frå ulike nasjonar, pluss ein del hjelpepersonale som f. eks gartnarar, kjøkenpersonale, reinhaldspersonale, elektrikar, røyrlleggjar, vakter osv.
- \* Arbeids- og undervisnings-språket er engelsk, men det er obligatorisk med swahili og fransk.
- \* Pensumet er likt for denne typen internasjonale skular over heile i verda og det er også høve til å ta vitnemål i International Baccalaureate (IB).



Familien Hope på kanten av Ngorongoro.



Ingrid i klassen på ISM.



Flott utsikt frå hagen mot majestetiske Kilimanjaro.

# Pedagogisk utviklingsarbeid og ny folkehøgskulelov

**Lova frå 1949 skulle erstattast. Det var varsla. Men ville ei ny lov verta til det gode for skuleslaget? Det var spenninga.**

Me hadde lenge venta eit nytt lovarbeid frå staten si side. På mange samlingar, både rektormøta, tillitsmannskurs og andre samlingar der departementet var representert, vart det snakkt om dette arbeidet. Og me var redde for at det skulle føra til ringare vilkår for folkehøgskulen, både pedagogisk og økonomisk. Den årlege «lobbinga» mot stortingspartia når statsbudsjettet sette for lågt «relasjonstal», og dermed reduserte tilskota til skulane, kunne ikkje halda fram på den måten.

Kommisjonar og utval hadde vore i arbeid. Og signal fekk ein ved inngangen til 1980-åra med ei stortingsmelding om folkehøgskulen. Lova vart ikkje vedteken før i vårsesjonen 1984 med verknad frå 1. august 1985. I Ljosglytt var det særleg rektor Halldor Sandvin som skreiv og orienterte om dette arbeidet. Han summerte opp med at «me er ikkje glade for alt det nye, men sett i samanheng så opnar ordningane for nye perspektiv, og det er spanande å sjå kva det nye kan løysa ut.»

## Utviklingsarbeid

Pedagogisk utviklingsarbeid var eit moteord som kom inn i folkehøgskulen, truleg på denne tida. Det tydde enkelt sagt eit kontinuerleg arbeid med undervisningsopplegg, skuleplanar, linetilbod og spørsmål om kompetanse. Lærarane var pålagde å ta del i dette arbeidet. I arbeidsvekene før og etter kvart skuleår var dette eit hovudtema. Arbeidet med undervisningsplanar og «PR» for desse planane gjekk føre seg heile året. Me kjende meir og meir at me var inne i eit marked, marknadsføring vart viktig, marknadsføringstiltak måtte finna plass i skulen sine budsjett. Det kosta å konkurrera om elevane! Og me merka at konkurransen var hard.

## Livslang læring

Nye kurstypar var noko av det me arbeidde med. Den nye lova



Avtroppande rektor Halldor Sandvin og påtroppande rektor Per Tjøstheim.

opna for elevar «på ulike alders- og utdanningssteg». Folkehøgskulen skulle ha ein plass innan arbeidet med livslang læring, me skulle også driva med vaksenopplæring. Dette var politiske føringar. Og skulane, også Framnes, greip dette og planla eit utal av kurs for alle aldersgrupper.

## Kortkurs

Kortkurs kom til Framnes i 1980-åra. Eg veit ikkje kva kurs som var det første hos oss. Men sjølv deler av elevstemna prøvde me få inn under kursaktiviteten. Tre kursdagar var minstemålet. For Framnes fekk kortkurs mykje å seia – på tre felt: Elevtalet på årskursa gjekk ned, - var vel såvidt nede på 50-talet i 1980-åra.

Kortkurs bømte på økonomien som vart dårleg av låge elevtal. Ordninga var nemleg slik at kortkurselevane kunne reknast om til årselevar. Ein elev på eit tredagars helgekurs gav etter måten bra uttelling. Vidare vart det arbeidd med kursinnhald som seinare vart nyttig med tanke på undervisningstilboda for årskursa. Eit døme er kortkurs i journalistikk der røynslene vart tekne inn i valfag og linefag for årselevane. Og ikkje minst førte det nye elevgrupper inn i folkehøgskulen. Pensjonsitkurs er gode døme på det. Både for årskurselevane og for oss som skulle undervisa for ulike kurs og elevtypar var dette inspirerende. 1970-talet gjekk inn med nye

undervisningslokale, og gjekk ut med nye internatbygg. «Nye Framheim» var frå 1940, men bar namnet sitt til det vart rive sommaren 1977. Det gamle bygget var korkje funksjonelt eller sikkert. Gamle «skorsteinshus» vert aldri skikkeleg trygge for brann. Og standardkrava var langt under det dei fleste av oss var vane med heimefrå. Jentene måtte frå 3. høgda og til kjellaren for å finna både toalett og dusj. Særleg godt lydisolert var det heller ikkje, det veit me som budde i eit av lærarhusværa på toppen. Undervisningskjøken og daglegstover hadde og plass i bygget. Det måtte ein finna andre løysingar for. I nybygget vart det plass til lærarhusvære og barnehage.

Vonheim sto for fall sist i 1980-åra. Men først måtte gutane få ny internatplass. Strandheim vart løysinga, den tidlegare bustaden for m.a. kjøkentilsette. Hausten 1983 starta arbeidet på eit flott bygg som kunne takast i bruk til skulestart i august 1984. No var det få skular som kunne måla seg med Framnes såg ein på elevheimane!

## Nye elevgrupper

Framnesskulen hadde nok hatt utanlandske elevar før. Nokre av oss høyrde om både islendingar og færøyingar som hadde vore elevar og som sidan hadde skikka seg vel. Men på 80-talet vart det større grupper langvegsfrå. Dorota frå Polen var vel



På turen til Polen i 1987 fekk elevar og lærarar frå Framnes møta Lech Walesa, som me ser midt i biletet.

den første derifrå. Det vart ein god og nyttig kontakt mange av oss held ved like framleis. Eit år hadde me heile 7 jenter frå Færøyane. Men det store innslaget av utanlandske elevar på 80-talet var tamilar frå SriLanka. Flotte ungdommar som ville noko med skuleåret og som nytta Framnes-året som første året på ei lang utdanning her i landet. Det vart både olje-ingeniørar og lækjarar og mykje anna av dei. No er dei spreidde over heile verda. Men stundom kan ein treffa 'nye landsmenn' frå SriLanka som på 80-talet fekk si første norskopplæring på Framnes.

## Nye reisemål

Då Dorota var elev skuleåret 1979/80, fleipte me litt om at det var vår tur å besøkja henne i Polen. Ingen av oss trudde vel riktig på det, men våren 1987 vart det altså alvor. Held me oss til Ljosglytt-referat, vart turen ei stor oppleving. Framnes ville gjerne presentera det moderne Polen for elevane. Gjennom kontaktar Dorota hjalp oss med, møtte med studentar både i Poznan og i Warszawa. Besøk i Auschwitz gav sterke inntrykk. Alt var vel førebudd gjennom undervisning mesteparten av skuleåret. Det som ikkje var førebudd, var å møta den seinare nobelprisvinnaren Lech Walesa. Kontakten her var gjennom familien til ein polsk elev nett det året, Anna Chart i Gdynia.

Det vart etterkvart mange Polen-

turar. Gjennom mange år var også elevgrupper avgarde til Israel. Og som lekk i kortkursverksemda vart det fleire turar til 'det norske Amerika'.

Dette høyrst ikkje så voldsomt ut, seier du kanskje i dag. Norske studentar sine reisevanar har endra seg sida me første gongen våga oss inn bak jarnteppet. No fer framneselevane vide.

## Nærradio

Då Strandeheim var på plass hausten 1984 var det også kome eit radiostudio i kjellarhøgda. Hardanger Bygderadio var i drift frå 1984 og til 1989. Den var eit aksjeselskap med fleire eigarar i tillegg til Framnes. Framnes hadde førebudd seg vel med fleire kortkurs og med journalistikk som valfag. Sjølv om økonomien etterkvart vart så dårleg at vidare drift var uforsvarleg, var dette viktig for skulen så lenge det varde. Kontakta vart knytte og Framnes, elevar og tilsette vart kjende radorøyster utover heile Hardanger.

## Rektorskifte og nye aktivitetar

Halldor Sandvin hadde vore rektor sidan 1975. Frå skulestart 1987 overtok Per Tjøstheim den oppgåva. Begge hadde vore lærarar på Framnes tidlegare. Begge var opptekne av skulen sitt ve og vel. No kjende Sandvin seg ferdig, pensjonsittilværet låg framfor. «Når nota er mogen, så slepper ho hamsen» - slik siterte han tidlegare skulestyrar Sandvoll.

Synnøve og Halldor Sandvin flytte etterkvart til Telemark. Nyerektoren flytte inn i rektorbustaden.

I Strandeheim flytte det og inn nye grupper denne hausten. Framnes gjorde avtale med styresmaktene om å verta statleg asylmottak. For Framnes var det ein måte å utnytta internatkapasiteten på, og å gi skulen nye inntekter. Og dei som no fylte Strandeheim kom hovudsak frå Balkan, frå det tidlegare Jugoslavia. Seinare kom det andre nasjonalitetar til. Tiltaket varte til ut på 1990-talet.

## Åndeleg ballast

1980-åra vart ikkje prega av den same stabiliteten som tidlegare. Eit gammal Framnes-herme sa at to ting kan ikkje endrast på Framnes: Bibelen og timeplanen! Timeplanen vart i alle høve endra dette tiåret – undervisningsplanar og timeplanar var under stadig omlegging. Og overskrifta var altså pedagogisk utviklingsarbeid. Det førte til mykje nytt i tillegg til dei gamle tilboda: bibel og hest, idrett og musikk, reising til fjern og nær. Og gjennom alt dette var Framnes sterkt oppteken av at det beste frå tidlegare tider skulle førast vidare. Ikkje minst det å få vera ein kristen skule som kan gi unge menneske åndeleg ballast. Og det har vorte vidareført alle år seinare.

**Returadresse:**

Ljosglytt  
Framnes kristne  
vidaregåande skule  
5600 Norheimsund



# Ledertrening som fungerer

**I høstferien 2010 reiste undertegnende, Solveig Haldorsen og skoleprest Arne Opsahl-Engen til Øst-Afrika for å oppleve misjonsprosjektet vårt på nært hold.**

Etter flere timer i fly landet vi til slutt på Nairobi International Airport i Kenya. Her gikk turen vår videre til et motell i Nairobi.

Neste dag tilbrakte vi med nasjonalkontoret til **Christian sports contact** (CHRISC) i Kenya. Joseph, en av CHRISC-lederne i Nairobi, tok oss med rundt i slummen for å vise gateprosjektet kalt "Fanaka". Det betyr "en link til suksess", og går ut på å engasjere gateungdom i samfunnsnyttige aktiviteter.

CHRISC beskriver Fanaka-prosjektet slik på sine hjemmesider: "Gatebarn får muligheter og omsorg gjennom aktivitet, samtale, leksehjelp og samvær med gode, trygge og rettferdige ledere." Etter turen rundt i slumområdene i Nairobi kom Arne Opsahl-Engen med følgende oppsummering:

**"Det var et sterkt møte med Josef i Nairobi, hvor vi fikk høre om hvordan hans liv har blitt forandret gjennom CHRISC. Vi har blitt møtt på en utrolig god måte av de lokale som er engasjert i CHRISC. Jeg er**

også imponert over opplegget så langt."

Prosjektet vi spesifikt støtter ligger derimot ikke i Kenya, men i Tanzania. Dagen etter gikk derfor turen med buss fra Nairobi til Arusha i Tanzania. På ekte afrikavis ble det en innholdsrik reise som inneholdt en knekt bakaksling, 2 busskifter og ett eksosrør i manko. Vi kom oss likevel trygt frem til Arusha, og kunne overnatte på NLMs Scripture Mission før vi satte kursen videre til Haydom neste morgen.

**I Haydom** ligger det norskstartede sykehuset "Haydom Lutheran Hospital" som ble startet av Olaf og Kari Olsen for 50 år siden. Her planlegger\* CHRISC å bygge et ressurscenter, og det er dette senteret prosjektet vårt går til å finansiere. Her vil CHRISC-ledere fra hele Øst-Afrika få mulighet til opplæring og ledertrening, samtidig som det lokale CHRISC-arbeidet i Haydom kan bruke fasilitetene ved senteret.

Vi fikk æren av å sette det første spadetaket i høst, og byggingen av senteret er nå godt i gang. Forhåpentligvis kan CHRISC benytte seg av senteret allerede denne sommeren.

De ønsker at dette senteret skal bli et viktig middel for å "styrke barn og ungdommers posisjon og muligheter.

(For) CHRISC bygger mennesker, dermed også morgendagens ledere. Gjennom idrettsaktivitet, seminarer, kurs og undervisning får mange ungdommer muligheter og ansvar". (chrisc.no)

Dagene på Haydom gikk med til å være med på aktivitetene CHRISC hadde der oppe, og til å bli bedre kjent med den afrikanske kulturen. Vi fikk også være med på utflukt med sykehuset til landsbyer i områdene rundt Haydom. Det å få oppleve en annen kultur, ja, nesten en annen verden, på så nært hold var utrolig spesielt.

**Vi har alle** sett film og bilder fra fattige barn fra Afrika uten mat og uten klær. Og det er sant – fattigdom er et stort problem mange steder i Øst-Afrika. Men vi fikk også oppleve at du finner like mye livsglede og idrettsglede blant barn som spiller fotball på grusbanen i Haydom, som blant norske barn på kunstgressbaner.

De siste dagene av turen vår tilbrakte vi i Arusha, hvor vi blant annet besøkte CHRISC-kontoret for Tanzania, samt at vi fikk oss noen rolige dager før vi satte kursen nordover til Norge. Vi takker for en fantastisk minnerik tur, og håper at pengene vi i misjonsprosjektet på Framnes samler inn, virkelig kan bidra til det arbeidet CHRISC gjør. For vi har fått oppleve at det er et arbeid som gir resultater.

**Tekst:**  
**Johannes Ødegård,**



Over: Johannes og Solveig fikk æren av å sette de første spadetakene til byggingen av senteret som misjonsprosjektet skal finansiere.

Til venstre: Idrett skaper glede i alle land.

Foto: Arne Opsahl-Engen

